

**RÅDSDIREKTIV 97/75/EF****av 15. desember 1997****om endring og utviding av direktiv 96/34/EF om rammeavtalen om foreldrepermisjon inngått mellom UNICE, CEEP og EFF til å omfatte Det sameinte kongeriket Storbritannia og Nord-Irland(\*)**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske felleksskapet, særleg artikkel 100,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen<sup>(1)</sup>,med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet<sup>(2)</sup>,med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet<sup>(3)</sup> og

ut frå desse synsmåtane:

Rådet vedtok direktiv 96/34/EF<sup>(4)</sup> i samsvar med avtala om sosial- og arbeidslivspolitikken, som er lagd ved protokoll nr. 14 til traktaten, særleg artikkel 4 nr. 2 i avtala. Følgjeleg gjeld det førnemnde direktivet ikkje for Det sameinte kongeriket Storbritannia og Nord-Irland.

Under motet sitt i Amsterdam 16.-17. juni 1997 merkte Det europeiske rådet seg med glede at det under regjeringskonferansen vart oppnådd semje om å innarbeide avtala om sosial- og arbeidslivspolitikken i traktaten, og påpeikte likeins at det før Amsterdam-traktaten vert underskriven, bør finnast ein måte å gje rettsverknad til ønsket til Det sameinte kongeriket Storbritannia og Nord-Irland om å godta dei direktiva som alt er vedteke på grunnlag av avtala. Med dette direktivet vert det gjort freistnad på å nå det målet gjennom å utvide verkeområdet til direktiv 96/34/EF til å omfatte Det sameinte kongeriket.

Det at direktiv 96/34/EF ikkje gjeld i Det sameinte kongeriket, har direkte innverknad på korleis den indre marknaden verkar. Gjennomføring i alle medlemsstatane av den rammeavtala som er lagd ved det førnemnde direktivet, særleg prinsippet om at foreldre som arbeider, skal ha høve til å kombinere yrkesplikter med plikter overfor familien, vil føre til at den indre marknaden verkar betre.

Med gjennomføringa av rammeavtala vert det særleg teke sikte på å nå målet om lik handsaming av menn og kvinner på arbeidsmarknaden og arbeidsplassen og om høve til å kombinere yrkesliv og familieliv.

Når dette direktivet vert vedteke, vil direktiv 96/34/EF gjelde i Det sameinte kongeriket. Frå den datoen då dette direktivet tek til å gjelde, bør ordet «medlemsstater» i direktiv 96/34/EF forståast slik at det omfattar Det sameinte kongeriket —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkel 1*

Med atterhald for artikkel 2 skal direktiv 96/34/EF gjelde for Det sameinte kongeriket Storbritannia og Nord-Irland.

*Artikkel 2*

I artikkel 2 i direktiv 96/34/EF skal nytt nr. 1a lyde:

«1a. For Det forente kongerike Storbritannia og Nord-Irland skal datoen 3. juni 1998 i nr. 1 erstattes med 15. desember 1999.»

*Artikkel 3*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 15. desember 1997.

*For Rådet*

J.-C. JUNCKER

*Formann*

(\*) Denne felleksskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 10, 16.1.1998, s. 24, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 42/1999 av 26. mars 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVIII (Helse og sikkerhet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av kvinner og menn), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Felleksskaps Tidende.

(<sup>1</sup>) TEF C 335 av 6.11.1997.

(<sup>2</sup>) TEF C 371 av 8.12.1997.

(<sup>3</sup>) TEF C 355 av 21.11.1997.

(<sup>4</sup>) TEF L 145 av 19.6.1996, s. 4.